



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 07.05.2018
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 15:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Jarle Audestad	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem
Anneli Vatile Lilletvedt	H	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Åshild Eikefet Lien	AP	Varamedlem
Ivar Rødland Bergo	SP	Varamedlem
Odd Jøran Oldervik	SV	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Anders Jin Risnes	AP	Åshild Eikefet Lien
Evelyn Boge	SV	Odd Jøran Oldervik
Hege Eide Vik	SP	Ivar Rødland Bergo



Andre møtande:

Rådmann Trine Pettersen Grønbech

Ass. rådmann Åse Elin Myking

Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal

Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
20/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
21/2018	GODKJENNING AV MØTEBOK
22/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
23/2018	ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET I VAKSDAL KOMMUNE FOR 2017
24/2018	SØKNAD OM SKJENKELØYVE FOR PERIODEN 01.03.2018 - 30.06.2020
25/2018	LAGRING AV DYVIKABÅTANE I SKUTENAUSTET PÅ KVAMSHOLMEN - AVTALE MELLOM STIFTINGA BRØRVIKSKUTO OG VAKSDAL KOMMUNE, SØKNAD OM TILSKOT
26/2018	FRAMLEGG TIL STRATEGI OG RETNINGLINER FOR NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I VAKSDAL KOMMUNE, 2018 - 2021.
27/2018	STRATEGI FOR SKJØTSEL AV AREAL LANGS KOMMUNALE VEGAR, MED NEDTRAPPINGSPPLAN FOR BRUK AV GLYFOSAT
28/2018	TRAFIKKSIKRINGSPLAN OG KOLLEKTIVKNUTEPUNKT PÅ DALE - DRØFTINGSSAK
29/2018	INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - HELIUMBALLONGFRI KOMMUNE
30/2018	INTERPELLASJON FRÅ MAGNE HESTAD - KJØP AV VARER FRÅ OKKUPERT OMRÅDE AV PALESTINA
31/2018	JUSTERING AV KOSTNADSRAMME FOR NY BARNE- OG UNGDOMSKULE PÅ DALE



Vaksdal kommune

20/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Protokollmerknad frå Kjartan Haugsnes, SV:

I kommunestyret sitt møte 12.02.2018 vart følgjande protokollert.

I samband med bygging av ny barne- og ungdomsskule på Dale og ny barneskule på Vaksdal vil kommunestyret be om eige sak på korleis kommunen skal unngå arbeidslivskriminalitet i høve desse to store byggeprosjekta.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke og vil bli lagt fram som sak i kommunestyret sitt møte 7.mai 2018.

SV merkar seg at denne saka ikkje er på saklista til møtet 7. mai og ber om at denne kjem seinast i junimøtet 2018. SV ber og administrasjonen gjere greie for kvifor denne saka ikkje er lagt fram for kommunestyret som vedteke.

KOM - sak 20/2018 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

21/2018: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 21/2018 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



22/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Referatsak 2:

Leiar i styringsgruppa Jarle Skeidsvoll og prosjektleiar Kari E. Natland orienterte om saka i starten av møtet.

Kommunestyret ba om å få ei sak frå rådmannen om kommunen skal gå inn i dette.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 22/2018 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.

23/2018: ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET I VAKSDAL KOMMUNE FOR 2017

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Vaksdal kommune.

Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Leiar i kontrollutvalet, Boris Groth, orienterte.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 23/2018 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Vaksdal kommune.



24/2018: SØKNAD OM SKJENKELØYVE FOR PERIODEN 01.03.2018 - 30.06.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om skjenkeløyve for Elvahuset Drift A/S vert innvilga.

Elvahuset Drift A/S får innvilga skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Skjenketid blir fra kl. 13.00 til 01.00. Skjenketiden gjeld alle ukedagar.

Løyvehaver er Elvahuset Drift A/S org. Nr. 920332617
Styrar for skjenkeløyvet er Åse Hauge
Stefortreder for skjenkeløyvet er Eirik Vinsjasen.
Skjenkeløyvet er gjeldande frå 01.03.18 t.o.m . 30.06.2020.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.04.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 32/2018 Tilråding:

Søknad om skjenkeløyve for Elvahuset Drift A/S vert innvilga.

Elvahuset Drift A/S får innvilga skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Skjenketid blir fra kl. 13.00 til 01.00. Skjenketiden gjeld alle ukedagar.

Løyvehaver er Elvahuset Drift A/S org. Nr. 920332617
Styrar for skjenkeløyvet er Åse Hauge
Stefortreder for skjenkeløyvet er Eirik Vinsjasen.
Skjenkeløyvet er gjeldande frå 01.03.18 t.o.m . 30.06.2020.

Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 24/2018 Vedtak:

Søknad om skjenkeløyve for Elvahuset Drift A/S vert innvilga.

Elvahuset Drift A/S får innvilga skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Skjenketid blir fra kl. 13.00 til 01.00. Skjenketiden gjeld alle ukedagar.

Løyvehaver er Elvahuset Drift A/S org. Nr. 920332617
Styrar for skjenkeløyvet er Åse Hauge
Stefortreder for skjenkeløyvet er Eirik Vinsjasen.
Skjenkeløyvet er gjeldande frå 01.03.18 t.o.m . 30.06.2020.



25/2018: LAGRING AV DYVIKABÅTANE I SKUTENAUSTET PÅ KVAMSHOLMEN - AVTALE MELLOM STIFTINGA BRØRVIKSKUTO OG VAKSDAL KOMMUNE, SØKNAD OM TILSKOT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune støttar Stiftinga Brørvikskuto med 125000 kr til utviding av Skutenaustet. Finansiering av tiltaket vert tatt inn i sak om 1.tertial 2018. Kommunen og stiftinga inngår ei bindande avtale om at Stiftinga Brørvikskuto tar vare på Dyvikabåtane vederlagsfritt i 20 år framover.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.04.2018

Behandling:

Sigmund Simmenes stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Sigmund Simmenes er ugild i medhald av § 6 e) punkt 1 i forvaltningslova.

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

FPØ - sak 24/2018 Tilråding:

Vaksdal kommune støttar Stiftinga Brørvikskuto med 125000 kr til utviding av Skutenaustet. Finansiering av tiltaket vert tatt inn i sak om 1.tertial 2018. Kommunen og stiftinga inngår ei bindande avtale om at Stiftinga Brørvikskuto tar vare på Dyvikabåtane vederlagsfritt i 20 år framover.

Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Sigmund Simmenes stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Kommunestyret vedtok samrøystes at Sigmund Simmenes er ugild i medhald av § 6 e) punkt 1 i forvaltningslova.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 25/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune støttar Stiftinga Brørvikskuto med 125000 kr til utviding av Skutenaustet. Finansiering av tiltaket vert tatt inn i sak om 1.tertial 2018. Kommunen og stiftinga inngår ei bindande avtale om at Stiftinga Brørvikskuto tar vare på Dyvikabåtane vederlagsfritt i 20 år framover.



26/2018: FRAMLEGG TIL STRATEGI OG RETNINGLINER FOR NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I VAKSDAL KOMMUNE, 2018 - 2021.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre vedtek lokal strategi for tilskot til Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) i Vaksdal kommune 2018-2021. Vedtaket har heimel i § 3 i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.04.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 35/2018 Tilråding:

Vaksdal kommunestyre vedtek lokal strategi for tilskot til Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) i Vaksdal kommune 2018-2021. Vedtaket har heimel i § 3 i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Kommunestyret ber om ei nærare orientering om jord- og skogbruk over sommaren.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 26/2018 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre vedtek lokal strategi for tilskot til Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) i Vaksdal kommune 2018-2021. Vedtaket har heimel i § 3 i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Kommunestyret ber om ei nærare orientering om jord- og skogbruk over sommaren.

27/2018: STRATEGI FOR SKJØTSEL AV AREAL LANGS KOMMUNALE VEGAR, MED NEDTRAPPINGSPLAN FOR BRUK AV GLYFOSAT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune skal fase ut bruken av Roundup langs kommunale vegar innan 2022, ved å leggje til rette for meir maskinell kantslått og å ta i bruk nye metodar for mekanisk handsaming. Vegstrekingar i sentrumsnære område og der skuleborn/ungar ferdast, skal prioriterast.



Strategi for gjennomføring vert godkjent slik den ligg føre. Framlegg om finansiering vert handsama i samband med økonomiplanar og årsbudsjet.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.04.2018

Behandling:

Endringsframlegg frå Eirik Haga, AP:

Vaksdal kommune skal fase ut bruken av Roundup langs kommunale vegar innan 01.01.2020, ved å leggje til rette for meir maskinell kantslått og å ta i bruk nye metodar for mekanisk handsaming.

Vegstrekingar i sentrumsnære område og der skuleborn/ungar ferdast, skal prioriterast.

Strategi for gjennomføring vert godkjent slik den ligg føre. Framlegg om finansiering vert handsama i samband med økonomiplanar og årsbudsjet.

Tilleggsframlegg frå Evelyn Boge, SV:

Vegstrekingar i sentrumsnære område, vegstrekingar som er mykje brukt som turvegar og vegstrekingar der skuleborn/ungar ferdast, skal prioriterast.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg og Eirik Haga sitt framlegg vart sett opp mot kvarandre - Eirik Haga sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Evelyn Boge vart vedteke med 4 røyster (SV, H, Heidi Rongved og Ann Christin Eide, AP))

FPØ - sak 30/2018 Tilråding:

Vaksdal kommune skal fase ut bruken av Roundup langs kommunale vegar innan 01.01.2020, ved å leggje til rette for meir maskinell kantslått og å ta i bruk nye metodar for mekanisk handsaming.

Vegstrekingar i sentrumsnære område, vegstrekingar som er mykje brukt som turvegar og vegstrekingar der skuleborn/ungar ferdast, skal prioriterast.

Strategi for gjennomføring vert godkjent slik den ligg føre. Framlegg om finansiering vert handsama i samband med økonomiplanar og årsbudsjet.

Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 27/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune skal fase ut bruken av Roundup langs kommunale vegar innan 01.01.2020, ved å leggje til rette for meir maskinell kantslått og å ta i bruk nye metodar for mekanisk handsaming.

Vegstrekingar i sentrumsnære område, vegstrekingar som er mykje brukt som turvegar og vegstrekingar der skuleborn/ungar ferdast, skal prioriterast.

Strategi for gjennomføring vert godkjent slik den ligg føre. Framlegg om finansiering vert handsama i samband med økonomiplanar og årsbudsjet.



28/2018: TRAFIKKSIKRINGSPLAN OG KOLLEKTIVKNUTEPUNKT PÅ DALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.04.2018

Behandling:

Endringsframlegg frå Eirik Haga, AP:

Kommunestyret ber rådmannen arbeida vidare med trafikkisikringsplan og kollektivknutepunkt Dale etter alternativ 1 – Dalseidvegen nord.

Kommunestyret ber rådmannen starta arbeidet med tilrettelegging for 30km/t i Dalseidvegen og 30km/t-sone i Dalseiddalen samt 40km/t frå bebyggelsen i Dalseiddalen til Dalseid snarast råd er – B04 og B05 –med nødvendig skilting og farthumper.

Vidare ber kommunestyret rådmannen innanfor dei vedtekne rammene iverksetja dei fartsreduserande tiltaka som er nødvendig – skilting og fartshumper - som ikkje vert påverka av bygginga av ny skule på Dale etter i denne rekkefølga:

- B02
- B03
- B01

Rådmannen kjem tilbake til kommunestyret ved behov for ytterlegare løyvingar.

Tilleggsframlegg frå Evelyn Boge, SV:

Val av alternativ 1 medfører at Falkanger Bygg må avvikla sin næringsverksemd i Dalseidvegen. Administrasjonen syter for at Falkanger Bygg får hensiktsmessige areal annan stad slik at næringsverksemda ikkje vert skadelidande.

Røysting:

Eirik Haga sitt framlegg samrøystes vedteke.

Siste setning i Evelyn Boge sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 27/2018 Tilråding:

Kommunestyret ber rådmannen arbeida vidare med trafikkisikringsplan og kollektivknutepunkt Dale etter alternativ 1 – Dalseidvegen nord.

Kommunestyret ber rådmannen starta arbeidet med tilrettelegging for 30km/t i Dalseidvegen og 30km/t-sone i Dalseiddalen samt 40km/t frå bebyggelsen i Dalseiddalen til Dalseid snarast råd er – B04 og B05 –med nødvendig skilting og farthumper.

Vidare ber kommunestyret rådmannen innanfor dei vedtekne rammene iverksetja dei fartsreduserande tiltaka som er nødvendig – skilting og fartshumper - som ikkje vert påverka av bygginga av ny skule på Dale etter i denne rekkefølga:

- B02
- B03
- B01

Rådmannen kjem tilbake til kommunestyret ved behov for ytterlegare løyvingar.

Administrasjonen syter for at Falkanger Bygg får hensiktsmessige areal annan stad slik at næringsverksemda ikkje vert skadelidande.



Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 28/2018 Vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen arbeida vidare med trafikkisikringsplan og kollektivknutepunkt Dale etter alternativ 1 – Dalseidvegen nord.

Kommunestyret ber rådmannen starta arbeidet med tilretteleggjing for 30km/t i Dalseidvegen og 30km/t-sone i Dalseiddalen samt 40km/t frå bebyggelsen i Dalseiddalen til Dalseid snarast råd er – B04 og B05 –med nødvendig skilting og farthumper.

Vidare ber kommunestyret rådmannen innanfor dei vedtekne rammene iverksetja dei fartsreducerande tiltaka som er nødvendig – skilting og fartshumper - som ikkje vert påverka av bygginga av ny skule på Dale etter i denne rekkefølga:

- B02
- B03
- B01

Rådmannen kjem tilbake til kommunestyret ved behov for ytterlegare løyvingar.

Administrasjonen syter for at Falkanger Bygg får hensiktsmessige areal annan stad slik at næringsverksemda ikkje vert skadelidande.

29/2018: INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - HELIUMBALLONGFRI KOMMUNE

Frå Tom Charles Johnsen ligg det føre slik interpellasjon:

Helium er et viktig grunnstoff som utvinnes i forbindelse med gassproduksjon. I de fleste gassreserver er det kun en liten andel med helium.

I tillegg til å bruke helium i ballonger for underholdning er det en viktig gass for sykehus, innsamling av værdata, i romfartsteknologi og sveising m.m.

Grunnstoffet er en knapphetsgode, som kan tømes på et par generasjoner med dagens forbruk.

Ballongene bidrar også til unødvendig spredning av plast både til lands og til vanns.

I 2050 kan det være mere plast enn liv i havet.

Det er de siste årene avdekket flere eksempler på at mange dyr lider som en konsekvens av vår forsøpling.

Salget av heliumsballonger er ikke regulert, og de selges ofte dyrt i forhold til produksjonskostnadene.

Det er ikke vanlig med kvittering fra salget,

så det er gode grunner til å mistenke svart arbeid, samt at det blir et uønsket kjøpepress på småbarnsforeldre.



Bergen kommune har innført forbud i år og det er ikke utenkelig at flere som har ønske om å tjene penger på salg av gassballonger, vil vurdere å selge dem i vår kommune isteden.

BT hadde dagen etter nasjonaldagen ifjor forsideoppslag med restene fra mengder av gassballonger som flyter i Osterfjorden.

Vi må starte arbeidet mot en bedre framtid der man er, og MDG Vaksdal mener dette forslaget kan gi positive ringvirkninger.

Vårt forslag til vedtak er:

1. Vaksdal Kommune vil nekte gatesalg av heliumsballonger i kommunen med virkning fra 7.Mai 2018
2. Kommunestyret ber ordføreren oppfordre lag, foreninger, restauranter og utsalgssteder til å unngå bruk av heliumsballonger i forbindelse med sin virksomhet.

Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføreren gav slikt svar:

Ordføreren er samd i interpellasjonen fra MDG og vil be kommunestyret slutte seg til at det blir innført et forbud mot gatesalg av heliumsballonger. Dersom kommunestyret er enig i det skal også Vaksdal kommune skrive til lag og foreningar og oppfordre disse til å unngå bruk av heliumsballonger i sin aktivitet.

Det vart så opna for debatt.

Kommunestyret røysta over framlegget som låg i interpellasjonen punkt for punkt:

- punkt 1 vart vedteke mot 1 røyst (FRP)
- punkt 2 vart samrøystes vedteke

KOM - sak 29/2018 Vedtak:

1. Vaksdal Kommune vil nekte gatesalg av heliumsballonger i kommunen med virkning fra 7. mai 2018
 2. Kommunestyret ber ordføreren oppfordre lag, foreninger, restauranter og utsalgssteder til å unngå bruk av heliumsballonger i forbindelse med sin virksomhet.
-



30/2018: INTERPELLASJON FRÅ MAGNE HESTAD - KJØP AV VARER FRÅ OKKUPERT OMRÅDE AV PALESTINA

Frå Magne Hestad, AP, ligg det føre slik interpellasjon:

På Vestbreida vert stadig meir land og ressursar fråteken det palestinske folk til fordel for israelske busettingar med tilhøyrande vegar, murar og kversetting av vatnressursar. Den internasjonale domstolen og FN sitt sikkerhetsråd har slege fast at busettingane er folkerettsstridige. I desember 2016 vedtok FNs sikkerhetsråd resolusjon 2334, som slo fast at israel sine busettingar på okkupert område er eit alvorleg hinder for fred, og oppfordra alle statar om å skillje mellom israel sitt territorium og dei okkuperte områda.

Handel er viktig for busettingane, og bidreg til å gjere busettingsvirksomheten økonomisk levedyktig. Ifølge den palestinske menneskerettighetsorganisasjonen Al Haq, så ville busettingane eksistens vorte alvorleg trua om det ikkje var for den økonomiske støtta frå internasjonal handel. I 2012 vart det eksportert varer frå busettingane til Europa til ein verdi av 230 millionar euro, femten gongar høgare enn eksporten av palestinske varer.

Spørsmål:

Vil ordføraren gå inn for boikott av israelske varer, produsert på okkuperte område av Palestina?

Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Interpellanten fekk først ordet for å fremja interpellasjonen. Han la og fram følgjande framlegg til vedtak:

Israelske busettingar på okkupert palestinsk område er folkerettsstridige, og vert ikkje anerkjent som ein del av Israel av Norge, EU og FN. Handel med israelske busettingar bidreg til å støtte opp om ein folkerettsstridig situasjon. Kommunestyret vil derfor avstå frå å kjøpe varer og tenester som har opprinnelse i dei israelske busettingane på okkupert palestinsk område.

Kommunestyret oppfordrar vidare kommunens innbyggjarar om å avstå frå innkjøp varer og tenester som støttar opp om Israels busettingsvirksomhet.

Vaksdal kommunestyre vil applera til regjering og Storting om å auka innsats for å fremja dialogløysing på konflikten mellom Israel og Palestina.

Ordføraren gav slikt svar:

I mine 10,5 år som ordførar har eg mottatt i underkant av 100 interpellasjonar.

Disse mener eg at eg har svart saklig på. Og eg har svart sjølvstendig når det har vert reine politiske spørsmål, eller ved hjelp av administrasjon når det krevst fagleg bistand.

Eg har aldri før – i løpet av disse ti og et halvt årene – opplevd innblanding fra politikare frå andre kommunar.

Eg mottok informasjon om lesarbrevet fra Eilert M. Lund i Bergen Frp torsdag 3.mai. Nokken timar seinare sendte han meg oppslag fra MIFF – «Med Israel for fred» - sine reaksjonar på interpellasjonar med ei oppfordring til ordføraren i Vaksdal om å avvise interpellasjonen.

Oppslaget har et bilde av interpellanten – identisk med Magne Hestad sitt profilbilde på facebook. Oppslaget sår tvil om Magne Hestad og andre sine motiv.

Miff påstar at det foregår en konkurranse om å være først ute med et vedtak om boikott.



Denne konkurransen skal handle om stemmene fra jødehatere.

Kritikk av Israel blir sett på som antisemittisme og jødehat.

Oppslaget sier ingen ting om den relativt store opposisjonen i Israel som er sterkt kritiske til den aggressive bosettingspolitikken til Israel. MIFF hevder først at det ikke er et okkupert område, men det er landområde som Israel erobret i krig i 1967.

Vidare blir det hevdet at produksjon av varer på okkupert område ikke er i strid med folkeretten og at Israels okkupasjon – eller grensene etter 1967 – ikke er i strid med folkeretten.

Vidare at Hestad ikke kritiserer handel med varer produsert i andre okkuperte områder i verden.

Det blir også hevdet at et boikottvedtak er i strid med folkeretten, norsk lov, EØS-avtalen og WTO.

Det blir hevdet at det er ulovlig, diskriminerende og totalt ensidig.

4.mai blir eg oppringt av Israels ambassade i Oslo.

1.sekretæren vil informere meg om deres syn på saken:

Han skriver i e.post til meg:

At det er feilslått å tro at en boikott vil være et konstruktivt bidrag til å løse konflikten – tvert i mot det vil føre til mer mistillit og spenning

At dialog er det eneste virkemiddelet som kan føre til en to-statsløsning og at partene er komt nærmere sammen.

At den norske regjeringen *vil vurdere* lovligheten av vedtak fattet i Trondheim og Tromsø. Her vil eg gjøre oppmerksom på at kommunestyret i Tromsø har ventet i over et år på svar fra regjeringen på krav om lovlighetskontroll som 4 representantar krevde.

Her er mitt svar, Magne:

Gjennom media registrer vi at på Vestbredden blir stadig mer land og ressursar fratatt det palestinske folk til fordel for israelske bosettingar.

For et lite land som Norge er folkeretten avgjørende viktig.

Den skal ta vare på forholdene mellom landene og sikre suverenitet innenfor egne grenser.

FN sitt sikkerhetsråd har slått fast at de israelske bosettingene på Vestbredden er i strid med folkeretten.

Den israelske bosettingen er som interpellanten sier et hinder for fred.

Det blir stilt spørsmål om en kommune skal drive med utenrikspolitikk?

Det skal sjølvsagt ikke en kommune gjøre, men vi skal absolutt ha et internasjonalt engasjement.

Et internasjonalt engasjement som går utover det å vere et redskap i NRK sin årlige TV-aksjon – å organisere innsamling av pengar.

Kommunenorge har – og skal ha – et interasjonalt engasjement.

Et internasjonalt engasjement som må bygge på kunnskap.

Eg har sjølv vert utsending fra KS til CEMR i 2017 Rådet for europeiske kommuner og regionar.

Der arbeidet vi f.eks. med menneskeretter, demokrati, likestilling, migrasjon og flyktningspolitikk.

Det skal eg vere i 2018 og. I år er fokuset: *mangfold, likestilling og inkludering.*

La oss se oss tilbake til 1980-tallet.

Den gangen var det kald krig mellom øst og vest – og apartheidpolitikk i Sør-Afrika.

Kommune etter kommune vedtok krav om boikott av regimet, og vedtok å ikke kjøpe varer fra Sør-Afrika.

Presset ble så stort på den norske regjering at Norge engasjerte seg sterkare i arbeidet for internasjonale sanksjonar mot Sør-Afrika.

Norge tok på seg en viktig rolle internasjonalt som førte til et styket press på Sør-Afrika. Noe som Nelson Mandela og Desmond Tutu sier framskyndet regimeskiftet i Sør-Afrika.



Eg vil gå inn for å slå fast at Vaksdal kommune ikkje skal kjøpe varer fra de okkuperte områdene på Vestbredden.

Eg vet eg vil bli møtt med samme type argumentasjon som ble brukt på 1980-tallet – ka med andre urolige områder?

Svaret mitt er det samme: No handlar det om israelske bosettingar på okkuperte områder.

No handlar det om å legge et press på regjering og storting om å ta en mer aktiv rolle i et internasjonalt spørsmål – nemlig i midt-østen-konflikten.

Vaksdal kommune er en liten kommune i Norge.

Norge er et lite land i verden.

Norge har vist før at vi kan spille en viktig rolle i alvorlige konflikter – også i Midt-Østen.

Det vart så opna for debatt.

Det vart røysta over framlegget frå Magne Hestad som vart vedteke mot 5 røyster (FRP, Anneli Vatle Lilletvedt (H), Jarle Audestad (SP), KRF)

KOM - sak 30/2018 Vedtak:

Israelske busettingar på okkupert palestinsk område er folkerettsstridige, og vert ikkje anerkjent som ein del av Israel av Norge, EU og FN. Handel med israelske busettingar bidreg til å støtte opp om ein folkerettsstridig situasjon. Kommunestyret vil derfor avstå frå å kjøpe varer og tenester som har opprinnelse i dei israelske busettingane på okkupert palestinsk område.

Kommunestyret oppfordrar vidare kommunens innbyggjarar om å avstå frå innkjøp varer og tenester som støttar opp om Israels busettingsvirksomhet.

Vaksdal kommunestyre vil applera til regjering og Storting om å auka innsats for å fremja dialogløysing på konflikten mellom Israel og Palestina.

31/2018: JUSTERING AV KOSTNADSRAMME FOR NY BARNE- OG UNGDOMSKULE PÅ DALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kostnadsramma for ny barne- og ungdomsskule på Dale vert utvida med 3,1 millionar kroner til 265,6 millionar kroner.

Kommunestyret 07.05.2018

Behandling:

Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Samrøystes vedtak.



KOM - sak 31/2018 Vedtak:

Kostnadsramma for ny barne- og ungdomsskule på Dale vert utvida med 3,1 millionar kroner til 265,6 millionar kroner.

Open halvtime

Odd Helland orienterte om prosjektet med å få bygd omsorgsbustader på Stamnes

Fast orientering frå rådmann og ordførar:

- **Rådmannen** si orientering er lagt ut på Møteportalen.

- **Ordføraren:**

15.april var eg i Kommunal og moderniseringsdepartementet.

Me på møtet var og einingsleiar for samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal.

Tema var planprogrammet for reguleringsplanen Arna – Stanghelle.

Målet med møtet var at det alternativet som kommunestyret tidlegare har samla seg om – Veg i Tolåsen – skulle vera med i plaprogrammet.

Det har vert dialog mellom kommunen og departementet. Dette har vært med og skapt en forståelse for at dette er viktig for lokalbefolkningen.

Når det gjelder områdeplanar for Vaksdal og Stanghelle så deltar varordførarog eg i kvar vår gruppe.

Gruppene er sammensatt av ulike personar med ulik bakgrunn og alder.

Dette er etter min mening en nyttig arbeid og lærerikt.

1.mai avduket eg minnestøtten over krigshelten Peder Furubotn i tråd med kommunestyrevedtaket

Det er tydelig at både slekt og lokalbefolkning setter pris på dette.

Saka fikk fine oppslag i Bergensavisen og Klassekampen

I etterkant er eg blitt kontaktet av sentrale personar som i september skal åpne en utstilling om den kommunistiske motstandsbevegelsen i Valdres Folkemuseum. Samtidig skal det være en boklansering om det samme temaet. Eg kjem til å delta. Det er fint om flere fra kommunestyret vil det.

Eg mener Vaksdal kommune må skaffe seg nokken eksemplarer av boka til bibliotek og gaver.

Ellers er eg glad for at Trine Grønbech er tilbake som rådmann.

I den forbindelse er det passende å takke Åse Elin Myking for innsatsen hennes.

Hun har – nok en gang – latt seg konstituere som rådmann. Dette er tredje gangen hun har trådt til.

Hun har tatt taumene og styrt til beste for kommunen, og fått med seg ledargruppen i denne krevende tiden med mange store saker i Vaksdal kommune.

I November bestemte gruppen som på vegne av kommunestyret skal ha arbeidsgiveransvaret for rådmannen:



Vaksdal kommune

- Heidi Rongved
- Kjartan Haugsnes
- Ordfører

å nytte noen av de innsparte lønnsmidlene til en påskjønning.

Konsituert rådmann, kommunalsjefene og einingsleiar for samfunnsutvikling har fått en utbetaling på kr. 20.000,- kver + 5 dagars ekstra avspassing for vesentleg meirarbeid enn det en kan forvente.

I tillegg skal det nyttas kr. 300.000,- til en kjekk opplevelse for alle ansatte i hele organisasjonen.

Varaordføraren:

Møtte i Bergensalliansen på vegner av ordføreren, og tok der opp spørsmål om tryggleiken på E16 i forhold til brann og redning.

SPØRSMÅL

Heidi Rongved

Om sambuargaranti for sjukeheimsbebuarar

Rådmann og ordfører svarte

Tom Charles Johnsen

Om plastyddedag og koordinering m.a. frå kommunen - vil ordføreren ta kontakt med Statens vegvegen for å be dei orientera kommunestyret om sine ryddeplanar

Ordføreren svarte

Anneli Vatle Lilletvedt

- Savna orientering frå generalforsamling i Modalen Eksingedalen Billag under ordføreren si orientering
- Om manglande orienteringar frå rådmannen i Møteportalen

Ordfører og varaordfører svarte

Boris Groth

- Tilskotsordning til gjenopning av kjøkken ved institusjonane - vil ordfører og/eller rådmann ta eit initiativ til å leggja fram ei sak om å søkja midlar frå denne ordninga
- Statleg finansiering til eldreomsorg - han ba om ei sak om å delta i ei utvida prøveordning om dette

Rådmannen svarte

Kjartan Haugsnes

- Tilsette med lang fartstid som har søkt om permisjon for å gå over i anna stilling har fått avslag - vil administrasjonen sjå på permisjonsreglementet slik at tilsette med lang fartstid kan få prøva seg ut hos andre arbeidsgjevarar? Er permisjonsreglane kjent for alle tilsette?
Rådmannen svarte - dette blir følgt opp i administrasjonsutvalet
- Om avvikling av funksjonen med aktivitetskoordinator
Rådmann v/ass. rådmann svarte